

---

**Fra:** Synneve Lauvås <synneve.lauvaas@gmail.com>  
**Sendt:** mandag 13. juli 2020 14:24  
**Til:** morten.mageroy.helland@alver.kommune.no; Postmottak Alver  
**Emne:** Fwd: Saksnr. 20/1728-20/33524

Saksnummer 20/1728-20/33524

Eg kan ikkje sjå at det er gitt svar på min henvendelse som gjeld grensemerke øvst ved vegen, ser ut som det er merke nr. 18 på teikninga. Eg vil med dette klaga på at eg ikkje har fått svar på min henvendelse om dette, og vil klaga på at gensemerket i berg/stein ikkje er leita fram.

Denne klaga er send innan fristen, siste brev i saka er motteke 01.07.20, jfr. forvaltningslova § 29.

Med helsing  
Synneve Lauvås

----- Forwarded message -----

**Fra:** Synneve Lauvås <[synneve.lauvaas@gmail.com](mailto:synneve.lauvaas@gmail.com)>  
**Date:** ons. 17. jun. 2020 kl. 23:36  
**Subject:** Re: Saksnr. 20/1728-20/33524  
**To:** <[morten.mageroy.helland@alver.kommune.no](mailto:morten.mageroy.helland@alver.kommune.no)>

## Saksnr. 20/1728-20/33524

Me har sett på kva som er gjort med grensemerkinga mellom Rita og oss. Avtalen var at merket øvst ved vegen skulle leitast fram, og eg meiner det må vera Rita sitt ansvar, sidan det er greiner og diverse anna som er lagt der av henne, eller hennar familie. Merket er ikkje funne, men Rita har sett opp eit nytt merke i jorda. Eg stoler ikkje heilt på at det er på rett plass, og ønskjer at dei skal flytta alt av greiner og rot som ligg der, for å gjerna mest mogeleg for å finna merket som skal vera i ein stein/berg der.

Eg ønskjer at dette skal vera gjort før eg vil godkjenna grensemerkinga.

Med helsing  
Synneve Lauvås

fre. 12. jun. 2020 kl. 12:37 skrev Synneve Lauvås <[synneve.lauvaas@gmail.com](mailto:synneve.lauvaas@gmail.com)>:

Hei!

Eg mottok sendinga frå oppmålingsforretninga i går, og ser at fristen for tilbakemelding er i dag 12.06.20. Det vart litt for kort tid for meg, så eg ber om utsetjing nokre dagar. Håpar det er greit.

Vennleg helsing  
Synneve Lauvås